

## Imponerende oppmøte på stemneplassdugnaden!

09.05.2007



Den yngre garde gjorde ein god jobb med lauvraking: Vegard Døssland, Thomas Halvorsen og Birger Bauge. (Foto: Thor Inge Døssland)

**Onsdag kveld hadde vi verkeleg grunn til å vera stolte av dugnadsånda i bygda vår. Då møtte heile 35 personar, frå dei heilt unge til dei godt vaksne, til dugnad på stemneplassen. Dette er imponerende! Særleg imponert vert vi når vi kjenner til alle dugnadstimane som er lagt ned på ulike prosjekt i bygda det siste halvåret.**

Denne årvisse stemneplassdugnaden veka før 17. mai har tradisjonar langt tilbake. Oppgåva kvart år er å rydda og pynta opp slik at dette flotte anlegget kan presenterast på beste måte på nasjonaldagen. Det er alltid mykje å ta tak i, og også i år var oppgåvene mange og varierte.



Jan Vivelid gjorde ein god jobb med motorsaga. (Foto: Thor Inge Døssland)

Mange var opptatt med raking og fjerning av store mengder lauv. Jan Vivelid fyrte opp motorsaga og sytte for at tre som hadde rotvelta i hauststormen, vart kvista og kapp opp. Gunnar Myklebust stilte med traktor, og saman med gode medhjelparar fekk han fjerna både vedstrongar og ris. Plenklipparen



Jon Harald Kjærland og Harald Snilstveit kosta vegen medan Kari Ljosnes stod for spylinga. (Foto: Thor Inge Døssland)

sytte for graset vart slått. Veigrøfta vart reinska, og veien opp til plassen vart kosta og spylt. Dette er noko av det vi registrerte då vi var innom.

Alt vart gjort med godt humør, og den gode dugnadsstemninga var tydeleg på plass. "I år er det verkeleg sus over det!" kunne mangeårig medlem i styret for friluftslaget, Bjarte Døssland, meddela. Han og resten av styret kunne og gle seg over godt frammøte av den yngre garde. Ekstra kjekt var det at dei stilte opp og tok eit tak for fellesskapet.

På ein skikkeleg dugnad høyrer og matøkt med. Slik var det også her. Kaffi, anna drikke og noko å bita i vart servert medan praten sat laust på benkeradene. Fornøgde kunne dei vera; dei hadde sytt for at stemneplassen kan visa seg fram på beste måte den komande nasjonaldagen.

Av Thor Inge Døssland



Matøkt må også til. (Foto: Thor Inge Døssland).